

Modul 3

Kyper- og kypervariantar

INNHALD

- Digitalt verktøy
- Grunnleggende vevteori
 - o Bindingslære med hovudvekt på kyper og kypervariantar, samansette bindingar og fargeeffekt
 - o Materiallære
- Vevoppsetting
- Rette feil i veven
- Avslutte veven
- Ferdigstille, etterbehandle og presentere dei ferdige tekstilane
- Farganes innverknad på teknikk

OMFANG

På denne modulen får deltakarane innføring i kypert og kypervariantar

Ei innføring i lesing og forståing av meir kompliserte oppskrifter. Teoretisk innføring i kypert og sammensatte bindinger. Eksperimenterer i veven med ulike fargar og garnkvalitetar, med hovudvekt på naturfibre.

KOMPETANSEMÅL

Deltakarane skal etter gjennomført kurs få

- Kunnskap om teori knytt til kypert og samansette bindingar.
- Kunnskap om bruk av digitalt verktøy for å kvalitetssikre oppskrifter og bindinger
- Kunnskap om korleis ein framstiller spesielle tekstilar i høveleg kvalitet

MATERIALE

- Til renning: bomull, cottolin og ull
- Innslag som til renning og elles ymse andre garnkvalitetar

*Ein må rekne med noko materialkostnader. Det kan bli veldig individuelt, men ca. kr. 300,- til renning. Lærar tek med det garn. **Deltakar må gjerne ta med seg med forskjellig type garn av ulik kvalitet, til innslag.***

DELTAKARANE TEK MED

- Eiga pc dersom du har
- Perm
- Skisseblokk
- Skrivepapir
- Rutepapir 5 mm
- Plastlommer
- Blyantar, rød og blå
- Måleband
- Nåler
- Saks
- Fargeblyantar
- Diverse garn

Vi tek atterhald om mindre endringar studieplan

40 TIMAR

FØREBUING TIL SAMLINGA:

Materiallære.

Finn fram 2 garntypar i forskjellig kvalitet. Studer sjølve garnet, tjukkeleik, korleis det føyer seg og styrken. Skriv ned notatar

Digitalt verktøy:

For å ha nytte av digitalt verktøy må alle ha lasta ned prøveversjon av Weave point, eller ha kjøpt programmet. Det er også nødvendig å ha med eigen PC. Det vil bli nytta exel i samband med oppskrifter.